



NJFF
Sogn og Fjordane

Referat styremøte

Tid: Måndag 05. juni 2023, kl. 18.00

Møtt	Ikkje møtt
Ingunn Frode (teams) Jøran (teams) Jan Erik Terje (ref) Bjørnar (teams) Reidun Henning (Teams)	Håkon Torunn

Sak 44/23	Godkjenning av innkalling, sakliste og referat Godkjent utan merknad Ket Fossen vert invitert til å delta på møtet i august
Sak 45/23	Referatsaker Reidun: 10.05., teams. Møte Friluftsliv for barn og unge 11.05, teams. Møte admin og RS 11.05, teams. Førebuingmøte arbeidsgruppe handlingsprogram regional plan kultur 11.05, teams. Planleggingsmøte friluftsliv 22. mai, Bergen. Arbeidsgruppe friluftsliv regional plan for kultur 24. mai, teams. Supplerande vern (fylkeskommunen) 25. mai, teams Møte admin og RS 25. mai, teams. Møte RS 2-4. juni, Nesholmen. Friluftsliv Bjørnar, Terje, Jan Eirik og Ingunn: 2-4 juni friluftsliv Nesholmen.
46/23	Kontakt med lokallaga Jøran Kontakt med Stryn jfl, orienterer om at dei jobbar med ny leiar av lokallaget.
47/23	Instruksar - Alle

	<p>Sjå tidlegare utsende instruksar, det vert utarbeidd ein felles mal.</p> <p>Målsetning om gjennomgong i møte 14 aug.</p>
48/23	<p>Nedlegging av Selje jfl, Reidun informerer</p> <p>Selje jfl har vore utan styre i mange år (ca 10-20 år) og heller ikkje hatt årsmøte i denne tida. I følgje vedtektene til Selje jfl skal ei oppløysing av laget skje ved 2/3 fleirtal i to ordinære årsmøter etter kvarandre. I vedtektene står det vidare at midlar skal overførast fylkeslaget til fremje av forbundet sitt formål i laget sin kommune eller distrikt.</p> <p>Etter dialog med organisasjonsjef Knut Erik Risvik, har eg vert i kontakt med alle medlemmer i Selje jfl, først den einaste «attlevande» frå det tidlegare styret, kasserar Karstein Solheim. Han har passa på pengebeholdninga til laget, og er enig i at laget vert lagt ned og medlemmer og pengar flytta over til Ytre Nordfjord jfl, der pengane vert øyremerka «haglebane i Selje». Etter epostar til medlemmer om dette spørsmålet, har eg fått svar tilbake frå 4 av 6 medlemmer om at dette er ok.</p> <p>Ytre Nordfjord jfl har gjort vedtak på å kunne ta i mot medlemmer og øyremerka midlar til laget.</p> <p>Vedtak: <i>Styret i NJFF Sogn og Fjordane gjer vedtak om å legge ned Selje jfl som lokallag og overføre medlemmer og midlar i laget til Ytre Nordfjord jfl, der midlane skal øyremerkast «haglebane eller anna bruk i Selje».</i></p>
49/23	<p>Profileringskle - Reidun</p> <p>Det føreligg tilbod frå Chatlet på bergans oslo urban comfy hoodie, og Bergans ulstein wool jacket.</p> <p>Styremedlemmar kan velje eit av dei to alternativa, og melder attende til Reidun.</p>
50/23	<p>Evaluering av friluftsløp</p> <p>Kjøkken, behov for fleire folk med tanke på å sikre allergimat, hygiene etc. Allergimat bør serverast inne, og det bør være ein dedikert person som lagar og serverer allergimaten. Endre bålmat til anna alternativ.</p> <p>Forslag om å slå sammen hovudkvarter og fiskegruppa.</p> <p>Innkjøp: Oppbevarings bokser, supplere fiskeutstyr, nytt bord til hovudkvarter, flippover med blokk, og bensinkanne.</p> <p>Styret forsøker å få innspel/evaluering frå frivillige som deltok på leiren gjennom felles FB side.</p>
51/23	<p>Ymse:</p> <p>Klede til utvalsmedlemmar i regionslaget</p>

Det kom forslag om bekledning òg til utvalsmedlemmar, det vert vedteke at alle utvalsmedlemmar får tilbod om Bergans Oslo urban genser. Reidun administrerer vidare kontakt.

Bente Troye har vore i kontakt med Atle Lunde om digital viltmålbane/jaktfelt, dette er noko som kan flyttast rundt etter tur der dei som nyttar den må bygge sine eigne rammer for blinkar. Men dette skal være ei overkommeleg oppgåve. Utstyret tek liten plass og skal være enkelt å frakte rundt.

Det vert henta inn tilbod på dette.